

Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy 2019. Omtale og vurdering av søknadene						
Fartøy	Søkjar	Total-kostnad	Søknads-sum	Tildelt	Omsøkt tiltak	Vurdering
<b>MS Axel</b>	Odd Harald Turøy	1 541 600	900 000	150 000	Vidareføring av stålarbeidet akter på fartøyet: hudplater, spant, bunnstokkar og rorkiste.	Med 140 år er fartøyet sjeldsynt som eit av dei eldste stålpartyå i Noreg. Utskifting av hudplater og avstivande element som spant og bunnstokkar i området rundt akterstevn må vidareførast for å sikre fartøyet. Tiltaket bidreg til å oppretthalde kompetanse på klinkbygde fartøy.
<b>MB Amy</b>	Gunnar Alexander Wilson Ramstad	1 081 253	781 253	250 000	Fullstendig istandsetjing av fartøyet.	Tiltaket er omfattande og representerer ei totalrenovering av fartøyet. Amy har fått kr 300 000 i tilskot frå Kulturminnefondet som må nyttast seinast i 2020. For å sikre nok midlar til å starte opp istandsetjinga, vil Hordaland fylkeskommune prioritere dette prosjektet i årets tildeling.
<b>MS Midthordland</b>	Det Midthordlandske Dampsksibbelskab AS	840 000	150 000	50 000	Utbetring av stål med därleg tilstand forut på fartøyet. Dette gjeld for hudplater og topprekke/skansekledning.	Tiltaket har vore omsøkt fleire gonger før. Eigar har fått overført kr 100 000 i tildelte midlar frå 2018 og saman med tildelinga i 2019, fyller det søknadssummen. Tiltaket vert prioritert for å hindre at skadeomfanget utviklar seg og for sikre at fartøyet framleis kjem ålmenta til gode.
<b>MB Vaarsol</b>	Opsangervågen kystlag	260 000	200 000	40 000	Utskifting av hudplank, overhaling av dekket, samt demontering og remontering av lukekarmen.	Utbetring og overhaling av dekk er viktig for å ivareta fartøyet. Arbeidet med istandsetting av dekket er relativt stort. Tilskotet på kr 70 000 for 2018 er

						overført til 2019, slik at tilskota no utgjer ein monaleg sum i høve totalkostnad.
<b>MB Mot</b>	Bergens Jæger- og Fiskerforening	545 000	235 000	30 000	Oppgradering av mast og kran, oppgradering av bysse, fremre lugar, framdriftsmaskineri, hydraulisk anlegg, lasterom og vinsj.	Tiltaka er del av ei større istandsetting/tilbakeføring til opphavleg tilstand. Utbetring av slitedelar er ein føresetnad for at fartøyet skal fungere. Det er utført mykje arbeid på fartøyet, der ein stor del er dugnadsinnsats. Vi oppmodar eigar å gjere fartøyet meir tilgjengeleg for ålmenta, samt søkje tilskotsmidlar frå Bergen kommune si fartøyvernordning.
<b>MS Gamle Nyborg</b>	Fraktfartøyet M/S Gamle Nyborg	1 021 000	1 001 000	50 000	Skifte styrehustaket, skifte akterdekket og reparasjon av styrehusfronten mm.	Omfattande søknad og stor søknadssum, med liten eigendel. Utbetring av dekk er viktig for å ivareta fartøyet, og delfinansiering av dette vert prioritert.
<b>MS Vestgar</b>	Øygardsbåtane AS	169 000	69 000	0	De- og remontering av tre lugarar akter i samband med sveisearbeid, målararbeid, stell av radiatorar. Ved lugarar forut: attståande målararbeid, belegg til dørken, stell av radiatorar.	Tiltaket er del av pågående istandsettingsarbeid. Vestgar har fått 2,4 mill. frå Riksantikvaren for inneverande år og førehandstilsegn for neste år, og vert difor ikkje prioritert med regionale tilskot i 2019.
<b>MF Bjørn-West</b>	Opsangervågen Veteranbåtlag	1 100 000	1 050 000	120 000	Slippsetjing, vassblåsing og måling av skroget over vatn, utskifting av stål og oppgradering av el-anlegget.	Med 131 år og opphav som marinefartøy er fartøyet eit av dei eldste og mest sjeldsynte på vernelista. For å hindre vidare forfall er større arbeid på skroget naudsynt. Fartøyet har i år fått eit mindre beløp (50 000) frå Riksantikvaren.
<b>MS Lindenes</b>	Veteranbåtlaget MS Lindenes	229 100	150 000	30 000	Naudreparasjon og permanent restaurering av toalettrommet akter, som er gjennomrøte.	Godt dokumentert søknad. Tiltaket er aktualisert av at fartøyet har hatt regulær passasjertrafikk ein periode. Naudreparasjon vert prioritert. Saman med kr 50 000 i overført tilskot frå 2018

						vil tildelinga i 2019 bidra til delfinansiering av tiltaket.
<b>MB Selma</b>	John Audun Hauge	144 750	144 750	30 000	Vidareføring av istandsetting: Montere ny skansekledning og fornye veivlager.	Å føre vidare pågående tiltak vert prioritert. Vevlageret er ei nyoppdaga skade som må utbetraast for å kunne komme vidare i istandsettinga. Det ligg reelt ein stor eigendel i tiltaket. Saman med kr 40 000 i overført tilskot frå 2018 vil tildelinga i 2019 bidra til delfinansiering av tiltaket.
<b>MB Sjøgutt</b>	Terje Midtun	388 500	250 000	50 000	Slipping, demontering og remontering av motor og styrehus mm, i samband med overhaling av motoren.	Motoren er slitt og tilstanden gir fare for følgjeskader, og motoroverhalinga medfører ei rekke andre arbeider. Tiltaket er naudsynt for vidare bruk av fartøyet.
<b>MY Fyk</b>	Stiftinga Museumssenteret i Hordaland	1 997 000	200 000	200 000	Vidareføring av totalrestaurering, m.a. utbetring av skrog, ribber og spant, og tilbakeføring av detaljar til meir opphavleg stand.	Tiltaket representerer ei omfattande vøling, først og fremst for å berge skroget, og er naudsynt for ivaretaking av fartøyet. Grundig søknad. Fyk har i 2018 vore under arbeid på Hardanger fartøyvernsenter. Hordaland fylkeskommune vil i 2019 prioritere tilskot til Fyk, slik at prosjektet kan vidareførast og fartøyet på sikt kan gjerast tilgjengeleg for ålmenta.
<b>MS Sunnhordland</b>	HSD Sunnhordland AS	212 750	185 000	0	Forbetre og bygge om kulturscene i aktersalong, samt audiovisuelt utstyr og elektro i samband med dette.	Tiltaket fell utanfor føremålet for denne tilskotsordninga, som er sikring og istandsetting. Søknaden vert difor avslått. Vi vil oppmøde til at ein søker andre tilskotsordningar som samsvarar meir med tiltaket.

<b>MB Markol V</b>	Bergen kommunale kystkultursenter	4 300 000	250 000	20 000	Totalrestaurering: omfattande utbetring av skrog, dekk, styrehus, rigg mm. Om mogleg skal original motor monterast om bord. Subsidiaert vert det søkt om kr 50 000 til vidare sikring.	Tiltaket er viktig, men omfattende, og må prioriterast av Riksantikvaren før istandsetjinga kan starte opp. Tilskotet går difor til vidare sikring i form av kaileige, straum mm. Vi oppmodar i tillegg eigar å søkje tilskotsmidlar frå Bergen kommune si fartøyvernordning.
<b>MS Lete</b>	Stiftinga Halsnøy historiske senter	5 400 000	500 000	0	Total istandsetting av fartøyet.	Slik søknaden føreligg skildrar den ei total istandsetting av fartøyet, men manglar budsjett og konkret plan. Ein meir realistisk plan er etterspurd, men ikkje motteke. Søknaden er difor mangelfull og vert på det grunnlaget avslått.
<b>MF Dokken</b>	Opsangervågen Veteranbåtlag	350 000	300 000	70 000	Klargjering for omfattande istandsetjing: transport til verkstad, verkstadshall, avrigging, skifte därleg treverk mm.	Båten er i därleg stand. Det omsøkte tiltaket eit første steg i arbeidet med å sette fartøyet i stand. Tilskotet kan brukast til naudsynt sikring inntil ei større istandsetting kan starte opp.
<b>MB Bjørn</b>	Bergen kommunale kystkultursenter	45 000	25 000	20 000	Kaileige og tilsyn, medan fartøyet ligg ved Dåfjorden slipp i påvente av full restaurering.	Nøktern søknad. Det er viktig å sikre fartøyet inntil ei større løying gjer det mogleg å starte med istandsettingsarbeidet. Vi oppmodar i tillegg eigar å søkje tilskotsmidlar frå Bergen kommune si fartøyvernordning.
<b>MF Folgefonna I</b>	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	10 312 555	150 000	0	Stålarbeid samt dokumentasjon av dette. Arbeid med hovudmaskin og istandsetting av motorrom.	Søknaden er beskjeden i høve til totalkostnaden. Fartøyet har fått 4,3 mill. i tilskot frå Riksantikvaren for inneverande år og førehandstilsegn for neste år, og det vert difor ikkje prioritert med regionale tilskot.

<b>MY Faun</b>	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	164 050	60 000	30 000	Småreparasjonar og vedlikehald.	Tiltaka er små, men viktige for sikker drift og bruk av fartøyet. Søknaden er satt opp med høg eigenandel.
<b>MK Vikingen</b>	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	579 950	200 000	50 000	Oppgradering av riggen, anna vedlikehald av fartøyet, litt arbeid knytt til motoren.	Tiltaka representerer ei vidareføring av ei større istandsetting. Oppgradering av riggen vil gjere det mogleg igjen å få fartøyet i drift.
<b>SJ Mathilde</b>	Stiftinga Hardanger og Voss Museum	2 598 435	400 000	100 000	Utbetring av diverse skader og råteangrep, som til saman representerer ei storvøle.	Ein driftsperiode på 30 år gir no trong for ei større våling. Mathilde er mykje brukt av skuleelevar og særskilt viktig for formidling av kystkultur. Saman med kr 70 000 i overført tilskot frå 2018 vil tildelinga i 2019 bidra til at ein kan komme i gang med delar av tiltaket.
<b>DS Stord I</b>	Stiftelsen D/S Stord I	1 140 000	1 140 000	290 000	Innreiingsarbeid. Istandsetting av fremre banjerdekk. Ein del mindre tiltak og komplettering av utstyr, for å få skipet ferdig restaurert.	Tiltaka inngår i eit særskilt omfattande og langvarig istandsettingsprosjekt, som det vert prioritert å føre vidare. Grundig søknad. Fartøyet har vore ei hovudprioritering for Hordaland fylkeskommune over fleire år. I 2018 vart tiltaka støtta med kr 430 000. Årets tilskot må sjåast samanheng med at store deler av istandsettingsarbeidet 2005-13 vart gjort ved låneopptak i forståing med vernemynde.
<b>MB Quest</b>	Gerhard Eikeland	240 000	130 000	50 000	Vidareføre utskifting av slitte kjølboltar.	Søknaden bygger på istandsetting og vidareføring av pågående tiltak. Saman med kr 20 000 i overført tilskot frå 2018 vil tildelinga i 2019 bidra til tiltak som er viktige for ivaretaking og sikker bruk av fartøyet.

<b>DS Oster</b>	Nordhordland veteranbåtlag	174 771	80 000	50 000	Slippsetjing og sikring av skrog, reparasjon av stål i skuteside på babord side i 2. klasse salong framme.	Sikring og reparasjon av skroget er naudsynt for å ta vare på fartøyet og oppretthalde bruken. Nøktern søknad med høg eigenandel, frå ein søker som har stor dugnadsinnsats og aktivitet.
<b>MY Tysso</b>	Kraftmuseet – Norsk vasskraft- og industristadmuseum	148 900	40 000	20 000	Vedlikehald av skrog, rekke mm, reparasjon lyskastarar og skyvedører, og reparasjon/ombygging av hydraulikkstyring.	Søknadssummen er nøktern. Tiltaka er små, men viktige då denne type fartøy er krevjande å vedlikehalde i høve til storleiken.
<b>Til saman</b>			<b>8 591 003</b>	<b>1 700 000</b>		